



KONGELEG RESOLUSJON

Klima- og miljødepartementet
Statsråd: Sveinung Rotevatn

Ref.nr.:
Saksnr.: 20/1017
Dato: 13. august 2021

Oppnemning av eit offentleg utval om lågutsleppsutvikling fram mot 2050 (Klimautvalet 2050)

Klima- og miljødepartementet legg med dette fram forslag om å oppnemne eit offentleg utval som skal gjere ei heilskapleg utgreiing av dei ulike vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet i 2050. Utvalet skal starte arbeidet så snart som mogleg og levere utgreiinga si innan 1. november 2023.

1. Bakgrunn

Noreg har i lov om klimamål (klimaloven) lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Klimaloven slår fast at målet skal vere at klimagassutsleppa blir reduserte i storleiksorden 90–95 pst. jamfört med utsleppsnivået i referanseåret 1990. Parisavtalen oppmodar alle land til å utvikle langsiktige lågutsleppsstrategiar. Regjeringa la fram Noregs lågutsleppsstrategi for 2050 i budsjettet for Klima- og miljødepartementet for 2020 (Prop. 1 S (2019-2020)). I strategien la regjeringa fram dei overordna prioriteringane og viktige omsyn for vegen til lågutsleppssamfunnet fram mot 2050. Regjeringa varsla også i strategien at den vil sette i gang arbeidet med ei heilskapleg utgreiing om lågutsleppsutvikling i tråd med måla for 2050 innan relevante sektorar og samfunnsområde.

2. Oppgåvene til utvalet

Av mandatet (vedlegg 1) går det fram at utvalet skal gjere ei heilskapleg utgreiing av dei vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet i 2050, og vise korleis Noreg kan bli eit lågutsleppssamfunn i 2050, på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, med effektiv ressursbruk og eit konkurransedyktig næringsliv. Denne omstillinga må også medverke til ei utvikling som sikrar naturmangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn. Utvalet skal vurdere måloppnåing og nytte i høve til samfunnsøkonomiske kostnader. Nærare føringar for utvalet følgjer av det vedlagde mandatet. Nødvendige krav i instruks om utgreiing av statlege tiltak (utgreiingsinstruksen) er innarbeidde i mandatet. Mandatet har vore lagt fram for alle departement.

3. Samansetjing

Klima- og miljødepartementet foreslår eit utval med 14 medlemmer, i hovudsak ekspertar (sjå vedlegg 2). Utvalet har brei og variert fagleg kompetanse som samla sett dekkjer dei ulike tema som inngår i mandatet. Utvalet vil bli leia av Martin Skancke. Forslaget til utval oppfyller krava i likestillings- og diskrimineringslova §28 første ledd bokstav b, med sju kvinner og sju menn. Samansetjinga tar omsyn til ei geografisk fordeling av medlemmane.

4. Vurdering

Det er fleire gode grunner til å opprette eit offentleg utval om lågutsleppsutvikling no. Eit godt kunnskapsgrunnlag vil vere avgjerande for å styrke og tilpassa politikken over tid for å omstille Noreg til eit lågutsleppssamfunn i 2050. Som part til Parisavtalen skal Noreg kvart femte år melde inn nytt klimamål. For å fremje omstilling til eit lågutsleppssamfunn forpliktar også klimaloven regjeringa til å leggje fram eit oppdatert klimamål for Stortinget kvart femte år. I 2025 skal Noreg melde inn eit nytt mål under Parisavtalen, og regjeringa varsle i klimaplan for 2021-2030 at ein tar sikte på å leggje fram ei ny klimamelding i 2024. Lågutsleppsutgreiinga 2050 vil gi viktige innspeil til desse prosessane.

5. Økonomiske og administrative konsekvensar

Utgiftene til eit offentleg utval omfattar mellom anna godtgjering og reiseutgifter for medlemmer, løn til sekretariat og eventuelle utgreiingsmidlar. Kostnaden vil bli dekt innanfor Klima- og miljødepartementet sitt budsjett.

Klima- og miljødepartementet

t i l r å r:

Oppnemning av eit offentleg utval som skal gjere ei heilskapleg utgreiing av dei ulike vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet i 2050. Utvalet blir gitt mandat og samansetjing i samsvar med vedlagde forslag.

Vedlegg 1

Mandat for Klimautvalet 2050

Bakgrunn

Noreg har i lov om klimamål (klimaloven) lovfesta eit mål om å bli eit lågutsleppssamfunn innan 2050. Klimaloven slår fast at målet skal vere at klimagassutsleppa blir reduserte i storleiksorden 90–95 pst. jamført med utsleppsnivået i referanseåret 1990.

Parisavtalen oppmodar alle land til å utvikle langsiktige lågutsleppsstrategiar. Regjeringa la fram Noregs lågutsleppsstrategi for 2050 i Klima- og miljødepartementet sin budsjettproposisjon for 2020 (Prop. 1 S (2019-2020)). I strategien legg regjeringa fram dei overordna prioriteringane og viktige omsyn for vegen til lågutsleppssamfunnet fram mot 2050.

I lågutsleppstrategien skisserer regjeringa fire hovudtrekk ved lågutsleppssamfunnet i 2050:

- *Lågutsleppssamfunnet er eit samfunn med låge utslepp i alle sektorar.*
- *Areal, skog og ressursar blir forvalta på ein berekraftig måte som legg til rette for høgt opptak og låge utslepp. Våre areal lagrar karbon og forsyner oss med materialar, mat og energi.*
- *Eit grønt næringsliv med låge utslepp av klimagassar.*
- *Byar og lokalsamfunn legg til rette for låge klimagassutslepp og gode levekår for innbyggjarane.*

Lågutsleppsstrategien skildrar vidare korleis klimapolitikken nasjonalt er basert på følgjande prinsipp: *forureinar skal betale, effektive verkemiddel, støtte til teknologiutvikling, globale effektar avgjerande og eit lågutsleppssamfunn, ikkje eit låginntektssamfunn.*

Noregs klimamål for 2030 om å redusere utsleppa av klimagassar med minst 50 og opp mot 55 pst. innan 2030, samanlikna med 1990, og regjeringa sin klimaplan for 2021-2030 (Meld. St. 13 (2020-2021)) er eit avgjerande steg på vegen mot at Noreg skal bli eit lågutsleppssamfunn i 2050. Som part til Parisavtalen skal Noreg kvart femte år melde inn nytt eller oppdatert klimamål. For å fremje omstilling til eit lågutsleppssamfunn forpliktar også klimaloven regjeringa til kvart femte år å leggje fram eit oppdatert klimamål for Stortinget. Lågutsleppsutregeiinga 2050 vil gi viktige innspeil til desse prosessane.

Lågutsleppsutvikling i tråd med dei internasjonale klimamåla i Parisavtalen vil gje moglegheiter og utfordringar for alle land, også Noreg. Norsk klimapolitikk er tett samanvoven med europeisk politikk, gjennom EØS-avtalen, gjennom klimaavtalen med EU om samarbeid om gjennomføring av klimamålet for 2030 (medrekna deltaking i det europeiske kvotesystemet), og fordi EU er

Noregs viktigaste handelspartner. Oppfølginga av «Europas grøne giv», som er den grøne vekststrategien til EU, kjem til å påverke den grøne omstillinga i Noreg. Pågåande regelverksutvikling i EU vil også få følgje for rammene for Noregs klimapolitikk.

Størstedelen av norske utslepp kjem frå olje- og gassutvinning, og frå industri, etterføgt av vegtrafikk og annan transport, jordbruk og avfall. Det norske samfunnet har eit godt utgangspunkt for lågutsleppsutvikling. Mange tek del i arbeidslivet, og vi har store naturressursar, ein kompetent arbeidsstokk og solide statsfinansar. Ei av hovudutfordringane framover vil vere å omstille oss til ein ny situasjon der vi liknar meir på vestlege økonomiar utan olje- og gassressursar. Oppfylling av Parisavtalen trekkjer isolert sett i retning av lågare etterspørsel etter fossil energi og dermed lågare verdi av oljen og gassen på norsk sokkel. Samstundes kan ei slik utvikling auke etterspurnaden og verdien av dei fornybare ressursane, til erstatning for ikkje-fornybare ressursar med høgare klimautslepp. Sjølv om dei menneskeskapte globale utsleppa skulle bli kraftig reduserte dei nærmeste tiåra, tek det tid før oppvarminga snur. Samstundes som Noreg blir eit lågutsleppssamfunn må vi derfor førebu samfunnet og tilpasse oss eit klima i endring. Endringane skjer allereie og dei er synlege i Noreg.

Langsiktig vekst- og omstillingsevne føreset gode, generelle rammevilkår for næringslivet. Høg grad av konkurranse og føreseielege rammevilkår er ikkje minst viktige for grøn teknologiutvikling. Rammevilkåra for ei omstilling til lågutsleppssamfunnet må baserast på best tilgjengeleg kunnskap. Denne kunnskapen er i stadig utvikling. Eit godt kunnskapsgrunnlag er ikkje berre viktig for at politikken skal gjennomførast på ein så effektiv måte som mogleg, men vil også tene til å redusere uvisse og setje oss betre i stand til å gjennomføre omstilling fram mot eit lågutsleppssamfunn og handtere klimarisiko. Arbeidet til FNs klimapanel, mellom anna spesialrapportane om 1,5 graders global oppvarming og om landareal, samt komande sjette hovudrapport, blir sett på som det beste tilgjengelege kunnskapsgrunnlaget for klimapolitikken. Utvalet skal også trekke på kunnskapen i fagetatare, offentlege dokument, relevante analysar og kompetanse nasjonalt og internasjonalt, samt arbeidet til teknisk berekningsutval for klima (TBU klima). Analysar av klima i samanheng med den breiare samfunnsutviklinga fram mot 2050 vil krevje både kvantitative og kvalitative metodar. Det kan vere behov for å supplere det faggrunnlaget ein har i dag.

Føringar

Hovudføremålet til utvalet er å gjere ei heilskapleg utgreiing av dei vegvala Noreg står overfor for å nå klimamålet i 2050, og vise korleis Noreg kan bli eit lågutsleppssamfunn i 2050, på ein mest mogleg kostnadseffektiv måte, med effektiv ressursbruk og eit konkurransedyktig næringsliv. Denne omstillinga må også medverke til ei utvikling som sikrar naturmangfaldet og eit berekraftig velferdssamfunn. Utvalet skal vurdere måloppnåing og nytte i høve til den samfunnsøkonomiske kostnaden.

Utgreiinga må fange opp sektorovergripande forhold. Dette gjeld særleg for område som berekraftig og heilskapleg arealforvaltning og energi, som grip over fleire sektorar. Samstundes skal utgreiinga omfatte utslepp og opptak i alle sektorar, og belyse sentrale problemstillingar for å nå 2050-målet.

I utgreiinga av ulike vegval for korleis Noreg kan bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 bør utvalet sjå på:

- Samanhengar i politikken på kort, mellomlang og lang sikt, og vurderingar av samfunnsøkonomisk nytte og -kostnader.
- Klimarisiko (overgangsrisiko).
- Problemstillingar knytt til rettferdig omstilling og geografiske skilnader på vegen til eit lågutsleppssamfunn.
- Teknologiutviklinga sin påverknad på kostnad, prisar og marknadsstruktur.
- Noregs forhold til EU og regelverksutvikling i EU.
- Samanhengar mellom åtferdsmønster, berekraftig levesett og lågutslepputvikling.
- Problemstillingar knytt til lokale og nasjonale avgjerdsprosessar og styringssystem.

Utvalet skal analysere ulike aktørars rolle i overgangen til lågutsleppssamfunnet, mellom dei stat, fylke, kommunar, industri og anna næringsliv, finansnæringa, sivilsamfunnet og befolkninga der det er relevant. Utvalet skal innhente innspel og involvere relevante aktørar i arbeidet, mellom anna næringslivet, sivilsamfunn og partane i arbeidslivet. Utvalet skal sørge for ein inkluderande prosess og legge til rette for brei offentleg debatt.

Utvalet skal rapportere til Klima- og miljødepartementet om status midtvegs i arbeidet. Utvalet skal levere ei samla utgreiing og tilråding i form av ein NOU innan 1. november 2023.

Vedlegg 2

Medlemmar av Klimautvalet 2050

Sjølvstendig næringsdrivande Martin Skancke, Oslo (leiar)

Strategidirektør Tonje Foss, Trondheim

Professor Ola Kvaløy, Stavanger

Direktør Kristin Halvorsen, Oslo

Seniorrådgjevar Marianne Hansen, Steigen

Rektor Klaus Mohn, Sandnes

Forskar Gro Sandkjær Hanssen, Oslo

Teknologileiar Lars Petter Maltby, Arendal

Berekraftssjef Camilla Skjelsbæk Gramstad, Nordre Follo

Divisjonsdirektør Audun Korsæth, Ringsaker

Forskingssjef Signe Nybø, Trondheim

Forskningsformidlar Eirik Newth, Oslo

Professor Erik Trømborg, Kongsberg

Student Mari Hasle Einang, Oslo